

## **Tryggare legemiddelbruk gjennom ny pilot**

**Helse Vest går denne veka i gang med ei pilot for heilelektronisk legemiddelsamstemming. Det er teke i bruk eit program for elektronisk kurve; Meona. Dette skal gje auka pasientsikkerheit gjennom alle ledda av behandlinga.**

Helse Vest har no utvikla ei elektronisk løysing som sørger for integrasjon mellom Kjernejournalen, Helse Vest sin forskrivingsmodul og kurveløysinga Meona sin modul for «legemiddel ved innlegging». Denne integrasjonen gjer det mogleg å automatisk hente inn reseptinformasjon.

Piloten startar opp i akuttmottaket i Helse Førde 16.mars og vil halde på i 8 veker. I samband med piloten vil ein avdekkje barnesjukdommar og sjå på korleis ein kan forbetre arbeidsprosessane. Etter piloten vil arbeidet bli vidareført mot målet, som er fullstendig funksjonalitet for legemiddelsamstemming i Meona.

I samband med den nye løysninga vert fastlegane oppmoda til å gjennomgå og oppdatere pasienten sine reseptar i reseptformidlaren dersom pasienten blir vist vidare til sjukehuset. Dette vil på sikt bidra til å sikre at pasientane får rett medisin, i rett dose. Det vil òg lette kommunikasjonen og ta ned talet på misforståingar og feil, som kan føre til skade hjå pasienten.

Les meir om korleis du som lege kan oppdatere reseptformidlaren her:

<https://ehelse.no/e-resept-kjernejournal-og-helsenogeno/e-resept/e-resept-slik-oppdaterer-leger-reseptformidleren>